


Jondal Kommune
V/kommunestyret

5627 JONDAL.

Jondal . 04.02.2008

Til Kunnskapsdepartementet,
Postboks 8119 Dep.



0032 OSLO.

Viser til pressemelding nr.87-07: Foreslår endring av KRL-faget.

I kommunestyremøtet 31.01 2008 vedtok Jondal kommunestyre ,
med 15 mot to røyster, å koma med følgjande uttale til høyringa til nytt KRL-
fag i skulen :

Sjå vedlagt dokument.

Jondal kommune
5627 Jondal

As. Skarve

Jondal KrF
gruppeleiar Svein Johan Bakke

Til ordføraren.

Jondal KrF ønskjer å fremja følgjande uttale i samband med høyringa til nytt KRL-fag i skulen.

Forslag til høyringsuttale til Kunnskapsdepartementet si høyring om KRL- faget.

Som høyringsinnstans i samband med Kunnskapsdepartementet sine endringsforslag til KRL- faget vil Jondal kommune uttala fylgjande:

- Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med Menneskerettserklæringa*
- Det kan verka som regjeringa går unødvendig langt i høve til domen i Den Europeiske Menneskerettsdomstolen, når det gjeld å redusera kristendommen sin plass i faget.*
- Jondal kommune meiner lov og føreskrifter om faget tydeleg bør innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendomen, som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag dei siste tusen åra, framleis kan stå i ei særstilling i skulen si undervisning.*
- Det er ingen grunn i høve til domen i å problematisera at eit land sin skule gjev ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet mest.*